

Pressemelding

30.01.2023

Grøne hurtigbåtar ei sjømil vidare

Fylkeskommunar langs kyst-Noreg har gått saman for å utvikle energieffektive hurtigbåtar med nullutslepp. Fire leverandørar er med vidare i tredje fase, med fire svært lovande løysingar.

Vestland er saman med Nordland, Troms og Finnmark og Trøndelag fylkeskommunar i ferd med å utvikle hurtigbåtar for framtida. Eit felles fylkeskommunalt eigarselskap skal leie utviklinga av ein ny generasjon med nullutslepps hurtigbåtar.

– Prosjektet Fremitidens hurtigbåt har som mål å utvikle energieffektive hurtigbåtar med nullutslepp, som går minst like fort som dagens konvensjonelle båtar med minimum 30 prosent reduksjon i energiforbruket og som kan gå på dagens samband. Ved at vi leiar an i det grøne skiftet, kan vi bidra til at norsk industri og verftsnæring får eit fortrinn. Med vår teknologi- og industribakgrunn kan vi også ta ei global leiing i ei grøn industriutvikling i maritim sektor, slår styringsgruppeleiar Odd Inge Bardal, direktør for transport og infrastruktur i Nordland fylkeskommune fast.

Fire spennande prosjekt

Prosjektgruppa har i samarbeid med ei ekspertgruppe evaluert leveransane i andre fase. ESNA i Kristiansand, LMG Marin i Bergen, SES-X i Oslo og Transportutvikling i Narvik har både teikna, berekna og testa båtane sine i modellstørrelse. I tillegg er det gjennomført eit omfattande analysearbeid. Basert på evalueringskriteria og vekting av desse, har leverandørane oppnådd ein poengscore.

– Alle fire leverandørar blir inviterte til å vere med vidare i fase tre. Dette er teknologi som vil bli etterspurt globalt, med ein enorm marknad. At vi har fire svært spennande prosjekt som det blir jobba vidare med, vil gi norsk maritim teknologi eit løft, og kan bli eit av svara på verda store klimautfordringar, seier Jostein Fjærstad, konstituert avdelingsdirektør for mobilitet og kollektivtransport i Vestland fylkeskommune og Vestland sin representant i styringsgruppa i prosjektet

[Les meir på nettsida til Vestland fylkeskommune](#)

Vedlegg

Illustrasjon av dei fire hurtigbåtskissene som er med vidare til fase tre i prosjektet.

Kontaktperson

Jostein Fjærstad, konstituert avdelingsdirektør mobilitet og kollektivtrafikk, Vestland fylkeskommune 46 62 05 57
Odd Inge Bardal, direktør for transport og infrastruktur, Nordland fylkeskommune 90 25 49
29